

# Årsmelding Bømlo Tur- og Sogelag for året 2020

## Til årsmøtet 11.03.2021

### Styret

Styret i Bømlo Tur- og Sogelag har i 2020 vore slik samansett:

Leiar: Bernt Emil Vika, nestleiar: Nils Peder Holme, kasserar: Ester Karin Barane Våge, skrivar: Lars Inge Vestvik, styremedlem: Ivar Barane, styremedlem: Arvid Samdal, vara: Signe Lønning, vara: Gerda Larsen.

### Årsmøte

Årsmøte i Bømlo Tur- og Sogelag for 2020 vart halde 09.03.2020 på bygdatunet.

### Styremøte

I året 2020 vart det halde 12 styremøte i Bømlo Tur- og Sogelag. P.g.a. koronasituasjonen har nokre av styremøta gått føre seg på Messenger.

### Møte med komiteane

Møteaktiviteten i komiteane har grunna smittefaren vore noko redusert. Møte med restaureringsnemnda om kvernhuset i Vorlandsskogen vart gjennomført den 03.02.2020, og møte med stinemnda den 11.03.2020 og 19.05.2020. Møte med arrangementsnemnda har ikkje funne stad dette året. (Alle arrangementa er blitt avlyste). Leiar og andre styremedlemmer har til ein viss grad halde kontakt med komiteane gjennom Messenger eller ved besøk under arbeidet med restaurering av husa og montering av skilt på turstiane.

### Æresmedlemskap

John Harald Bauge vart i 2020 tildelt æresmedlemskap og diplom for lang og tru teneste for laget.

### Vedlikehald

**Bergehuset:** I året 2020 har det vore utført mykje arbeid på Bergehuset; maling av golv, tak og veggjar der desse var malte frå før, og tettingsarbeid der det var mykje trekk. Dette har vore tidkrevjande, men resultatet er blitt veldig bra. Varmepumpa har vore i drift i huset i omlag eitt år no, og straumrekningane har gått monaleg ned.

**Saga:** Vorlandssaga er no på det næraste ferdig restaurert. Ein del gjenstående arbeid har blitt utført i 2020, slikt som golv ved sagbenken og ein del justeringar i vasstilførsla. Einar Pedersen har laga ein mekanisme i luka i demningen, slik at det no er enklare å sleppa vatn på. Takk til Einar som har bidratt vederlagsfritt med dette. Ein badestige på flytebyggja er sponsa av Ronny Pedersen i Pedersen Maskinering AS. Takk òg til han. Saga er også dette året testa, og ho skjer godt.

**Kvernhuset i Vorlandsskogen:** Restaureringsarbeidet på kvernhuset i Vorlandsskogen kom i gang i 2020. Ein stor presenning vart strekt over huset for å beskytta mot regn. Det viste seg då ein tok av bordkledningen at nokre av veggbjelkane var svært rotne. For å skifta ut dei aller verste bjelkane leigde ein Johannes Særsten i Særsten Byggrestaurering til å vera med på arbeidet. Ein jekka opp heile huset i denne operasjonen. Golvbjelkane vart også skifta ut i same farten. Arbeidet på kvernhuset vil bli tatt opp att utetter våren 2021.

**Fridtun:** Ein lekkasje i pipa vart tetta. Yngve Eilertsen vart engasjert til å utføra arbeidet. Utetter hausten tok ein til med å innreia loftet. Her vil ein laga til utstilling av gjenstandar og gamle bøker. To av vindaugo i sør var i svært dårleg forfatning, og har blitt bytta ut med nye.

**Karinestova:** På Karinestova har det vore utført vanleg reinhald. Annbjørg Sætre har tilbudd seg å ta på seg slikt arbeid, og det er me takksame for.

**Ådnahytta:** Her har det vore utført vanleg vedlikehald.

### **Arrangement**

På grunn av koronasituasjonen har det ikkje vore gjennomført arrangement i 2020.

### **Turstiane**

Turstien Vika - Dyrnes lykt - Sætre er no skilta med nye skilt. Ei infotavle om turstien er sett opp ovanfor Sverre Magnus Vestrheim sitt bustadhus, og éi ved Dyrnes lykt. Nye skilt og infotavler til Kyrkjestien er bestilt.

### **Leidarsteidn**

Årsheftet Leidarsteidn var klar for sal 21.11.2020. Då hadde me ein stand i foajeen på bygdatunet. Haugesund Bok og Offset stod for trykkinga. Heftet vart lagt ut for sal på Spar Bømlo, Bømlo Bil, Joker Espevær og Vikse Libris på HSD-senteret. Salet av Leidarsteidn gjekk svært bra, med rundt 500 selde eksemplar.

### **Gåver**

Ein leist og ei presse vart gitt av Bjarne Nilssen. Plassert på Fridtun.

Ein del gamle bøker vart gitt av Else Marie Totland. Plassert i arkivet på bygdatunet.

Frå Brit Hovland fekk me ei fin klokke, ein del bøker og bilete. Klokka er hengt opp på Bergehuset. Bøker og bilete er plasserte på Fridtun.

Frå Roy Olson ei bok med oversikt over flyktningar til Skottland. Plassert på Fridtun.

Nokre fine gamle gruppebilete frå Kari Hagemann, Oslo.

### **Pengegåver**

Tilskot på kr 20.000 til Karinestova frå Haugesund Sparebank.

Tilskot på kr 33.000 til kvernhuset i Vorlandsskogen frå Finnås Kraftlag.

Tilskot på kr 30.000 til varmpumpe og innreiing av loftet på Fridtun frå Stiftelsen Espevær Gjensidige.

Tilskot på 10.000 kr til kvernhuset i Vorlandsskogen frå Sparebanken Vest.

Frå Kulturminnefondet har me fått tilsagn på kr 168.000 til bruk på kvernhuset i Vorlandsskogen.

Pr i dag har me fått utbetalt 40.000 kr.

Tilskot på kr 5.000 frå Napier AS til kvernhuset i Vorlandsskogen.

Tilskot på kr 5.000 frå Eidesvik Havfiske AS til kvernhuset i Vorlandsskogen.

Tilskot på kr 10.000 frå Stiftelsen Simon Eidesviks Minne til kvernhuset i Vorlandsskogen.

Tilskot på kr 1.000 til kvernhuset i Vorlandsskogen frå Eide Miljøbygg AS.

Tilskot på kr 8.000 frå Bømlo kommune til skilting av Kyrkjestien.

Gave på 1.600 kr til badetrapp ved Vorlandssaga frå Pedersen Maskinering AS.

Gave på kr 5.000 frå Bømlo Båtlag til brygge ved Vorlandssaga.

Bømlo Tur- og Sogelag deltok i strandryddeaksjonen og fekk for det utbetalt 900 kr frå SIM.

Lars Lønning i Bømlo Maskin AS har bidratt med eit lass singel til vegen ned mot saga.

### **Utleige**

Bergehuset har vore leigd ut nokre gonger til ei lita gruppe som driv med husflidsaktivitetar.

### **Representasjon**

Bernt Emil Vika deltok på dialogmøte i regi av Bømlo kommune på kommunehuset den 4. februar 2020.

Bømlo, 22.01.2021

*Bernt Emil Vika*

*Leiar Bømlo Tur- og Sogelag*